



UTDANNINGS  
FORBUNDET

Hordaland

## Kommentar til fylkesutvalet si budsjettinnstilling

På [www.hordaland.no](http://www.hordaland.no) kan me lesa at seks parti har kome til semje om fylkesbudsjett for 2017. I forslaget frå fylkesutvalet kan me lesa at opplæring har fått tilført om lag 11 millionar kroner. Det er flott!

Men prisen betalar me sjølv, ved at fylkesrådmannen i sitt forslag trekkjer vekk 9 millionar kroner på grunn av at det har blitt fleire elevar i klassane. I fylkesutvalet si innstilling så tek ein ikkje tak i denne problematikken. Derimot vert det lagt tilbake pengar til utstyr, frukost og skulehelseteneste. Flotte tiltak, men ein må ikkje mista fokus på det som er grunnleggjande i skulen.

Auka læringsutbyte og gjennomføring har vore fylkeskommunen sitt motto. Skal ein få dette til lyt ein leggja til rette for det gjennom klassar med eit tenleg elevtal. Dei siste åra har elevtalet i klassane blitt større og større. Dermed vert det vanskelegare å sjå og følgja opp einskildelevar.

Me kan til dømes sjå på yrkesfag. I tilstandsrapporten kan me lesa at gjennomføringstalet blant vidaregåande skuleelvar i Hordaland er på veg opp. Det me ikkje ser like lett, er at talet på yrkesfagselevar som gjennomfører er på veg ned. Dette har truleg samanheng med den utviklinga som starta før 2010, med samanslåing i fellesfag på yrkesfag. Dermed vart klassane svært store og uoversiktlege. Motivet med dette var å spara pengar. I dag ser me og at klassane vert for store i programfag for yrkesfag, noko som gjer opplæringa uforsvarleg.

I uttalen Utdanningsforbundet sende i samband med budsjetthandsaminga peika me på at politikarane står overfor eit verdival. Kva er den viktigaste oppgåva fylkespolitikarane har? Er det samferdsle eller opplæring? Ifølgje statsminister Erna Solberg er kunnskap «den nye olja». Då er det dumt å ikkje satsa på denne.

Utdanningsforbundet Hordaland ber politikarane på fylkestinget om å i større grad omprioritera i forslaget til rådmannen. Overfør meir pengar til opplæring, slik at klassane i den vidaregåande skulen igjen kjem på eit nivå som gjer det mogeleg for læraren å følgja opp elevane. Dette vil spara fylkeskommunen for pengar og elevar for nederlag.

Anita Knapskog  
Fylkesleiar  
Utdanningsforbundet Hordaland

Turid Strømmen  
Kontaktperson VGO/fagskule  
Utdanningsforbundet Hordaland